
Saksnr: 2020/79174-2
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 19.01.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Sentrale arbeidsfelt for kulturmiljøforvaltninga 2021

Riksantikvaren har i brev datert 14.12.2020 lagt fram sitt årlege brev med ei gjennomgang av sentrale arbeidsfelt for kulturmiljøforvaltninga i 2021. Det vert vist til nyleg vedteken Stortingsmelding *Meld. St. 16 (2019 - 2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold*. Vidare gjev Riksantikvaren greie for prioriterte oppgåver i 2021 og uttrykker ønske om å utvikle og følgje opp desse oppgåvene i samarbeid med regionalforvaltninga.

Satsingsområda som Riksantikvaren legg vekt på er:

- Utarbeiding av tematiske bevaringsstrategiar
- Utarbeiding av indikatorsett for å kunne vurdere måloppnåing på kulturmiljøfeltet
- Utarbeiding av klimastrategi for kulturminneforvaltninga
- Revidering av Bystrategien
- Styrka forvaltning av verdsarvområda
- Følgeevaluering av ansvarsoverføringa
- Samarbeid med regionalforvaltninga om tilskotsforvaltning og tilskotsordningar
- Vidareføring av satsinga på kulturminne i kommunane (lokale kulturmiljøplanar og regionale rådgjevingstenester)
- Utarbeiding av digital strategi for kulturmiljøforvaltninga
- Utarbeiding av eit samla register over kulturmiljø og kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse
- Utarbeiding av ny rettleiar om konsekvensutgreiing av miljøtema (naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturmiljø, klima og forureining)

Riksantikvaren har i tillegg etablert ei digital eksempelsamling, som har som mål å vise gode løysingar for forvaltning og utvikling av kulturmiljø. Vestland fylkeskommune har bidrege med 4 gode døme til denne samlinga (Forum Scene i Bergen, Bispestova i Lavik, Heimdalstrand i Balestrand og Velomstunet på Osterøy), <https://eksempelsamling.ra.no/>